



Elin Legland, uskedeling som skal til landsmøtet

I slutten av veka - frå 17. til 19. mars - skal Senterpartiet halda landsmøtet sitt i Stjørdal. Kvinnherad blir representert av Bente Bondhus, Sp sin førstekandiat i Hordaland, og Elin Legland, fylkesstudieleiar og lokallagsleiar.

Det er 11 delegatar og 3 observatørar frå Vestlandet og dei har samla seg om saker som ubåten ved Fedje, ferjefri kyststamveg, skipstunell under Stad og lyntog mot aust.

Kjersti Toppe, som representerar partiet i Hordaland på Stortinget, skal innleia om eldreomsorg. Ho er nestleiar i helsekomiteen.